

Inger Ringdal Sæter

## Noregs perspektiv på NATO i nord

Ei kvalitativ analyse om kvifor NATO medlemskap for Sverige og Finland er viktig for Noreg.

Bacheloroppgave i Europastudier med statsvitenskap

Veileder: Lise Rye

Mai 2024



Inger Ringdal Sæter

## **Noregs perspektiv på NATO i nord**

Ei kvalitativ analyse om kvifor NATO medlemskap for Sverige og Finland er viktig for Noreg.

Bacheloroppgave i Europastudier med statsvitenskap  
Veileder: Lise Rye  
Mai 2024

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historiske og klassiske studier



Kunnskap for en bedre verden



# Samandrag

Dei siste åra har det vore ei auking i eksterne kriser og usikkerheit i Europa knytt til sikkerheitsspørsmål. Dette har ført til ei større satsing på samarbeid innanfor sikkerheit og forsvar blant medlemslanda i Den Europeiske Union (EU). Etter den russiske invasjonen av Ukraina i februar 2022, har dei nordiske EU-landa gjort vesentlege endringar i sin sikkerheitspolitikk. Sverige og Finland har teke skritt mot å bryte med sin tradisjonelle politikk, nøytralitet og alliansefriheit, ved å søke medlemskap i The North Atlantic Treaty Organization (NATO). Dette brotet legg grunnlaget for eit auka samarbeid om sikkerheit og forsvar i Norden.

Oppgåva ynskjer å undersøke *kva betydning har det for Noreg at Sverige og Finland blir medlem av NATO?*, med eit spesielt fokus på norske aktørar si framstilling. Analysen gjennomførast som ein diskursanalyse. Primærkjelda er henta frå debatten etter utanriksministaren sin utanrikspolitiske redgjerelse frå 2022 til 2024. Med ei teoretisk forankring i institusjonalisme og diskursiv institusjonalisme av Vivien Schmidt (2008). Analysa peika på eit utelukkande positivt intrykk av eit Svensk- og Finsk NATO medlemskap for Noreg. Det er spesielt påpeikt at den Russiske invasjonen av Ukraina som ein sikkerheitstrussel er ein av dei viktigaste faktorane for eit auka nordisk forsvarssamarbeid. Aktørane framstiller Sverige og Finland sitt NATO medlemskap som det viktigaste og mest logiske for norsk utanrikspolitikk i framtida. Det skapar stabilitet og sikkerheit mot ei stormakt i aust, spesielt med tanke på Noreg si geopolitiske posisjonering.

# Abstract

Over the past years, there has been an increase in external crises and uncertainty in Europe related to security issues. This has led to a stronger focus on security and defense cooperation among member states and the European Union (EU). Following the Russian Invasion of Ukraine in February 2022, the Nordic EU countries have made significant changes in their security policies. Sweden and Finland have taken steps towards breaking with their traditional policies, neutrality, and non-alignment by seeking membership in The North Atlantic Treaty Organization (NATO). This break sets the foundation for increased cooperation on security and defense in the Nordic region.

This thesis aims to examine *what significance does it have for Norway that Sweden and Finland join NATO?*, with a specific focus on how Norwegian politician portray this situation. The analysis is conducted through a discourse analysis of the debate from the Foreign Minister's foreign policy reports from 2022 to 2024. It builds on institutionalism and discursive institutionalism as outlined by Vivien Schmidt (2008). The analysis indicates an exclusively positive impression of Swedish and Finnish NATO membership for Norway. It is particularly noted that the Russian invasion of Ukraine as a security threat is one of the most important factors for increased Nordic defense cooperation. The politicians portray Sweden and Finland's NATO membership as crucial and most logical for Norwegian foreign policy in the future. It creates stability and security against major power in the east, especially considering Norway's geopolitical positioning.

# Innholdsfortegnelse

Tabell .....	iii
Begrepsavklaring .....	iii
1 Innleiing .....	1
1.1 NATO I nord og tidlegare forskning .....	1
2 Forskingslitteratur .....	3
2.1 Institusjonalisme .....	3
2.2 Diskursiv institusjonalisme (DI) .....	3
3 Metodisk tilnærming .....	5
4 Analyse .....	7
4.1 Debatt 2022 .....	7
4.2 Debatt 2023 .....	8
4.3 Debatt 2024 .....	11
5 Diskusjon .....	14
6 Konklusjon .....	16
Referansar .....	17

# Tabell

**Tabell 1:** Oversikt over aktørane sin diskurs over tid

## Begrepsavklaring

DI	Diskursiv institusjonalisme
NATO	North Atlantic Treaty Organization
EU	European Union
AP	Arbeiderpartiet
SP	Senterpartiet
H	Høgre
NORDEFECO	Nordic Defence Cooperation



# 1 Innleiing

I ei spenningsfylt verden etter andre verdenskrig og fram til i dag har fleire land søkt trygghet og sikkerheit saman med andre land. Både Sverige, Finland og Noreg, er nokre av dei landa som er medlem av NATO (North Atlantic Treaty Organization), og utgjer "NATO i nord". Russland sin invasjon av Ukraina i 2022 skapte store endringar, konflikt om landområde, mat og sikkerheit (Iversen, 2024). Frå då og fram til idag, har det vore ei tid fylt med spenning og endringar i Europa, spesielt med tanke på geo- og sikkerheitspolitikk. Noreg har tradisjonelt sett vore oppteken av sikkerheitspolitikk i nord, og grensar til ei stormakt i aust. Noreg har ein utsett beliggenheit i forhold til Russland, og som ein kyststat til ressurssterke havområde, er landet i ein meir utsett situasjon enn andre medlemsland i NATO (innst. S. Nr. 234 (2003-2004) s. 17).

Korleis har norske politikarar respondert på NATO utvidelsen, og korleis dei begrunna posisjonen sin? Det er nokre av dei spørsmåla som denne oppgåva har som mål å svare på. Å studere korleis norske aktørar ser på denne endringa kan bidra til korleis internasjonale alliansar utviklar seg i møte med utfordringar, og korleis det påverkar samarbeid og forsvar.

Problemstillinga er *Norske perspektiver på Finland og Sveriges inntreden i NATO*, med eit fokus på korleis norske aktørar har framstilt dette. Vidare skal den undersøke korleis dette perspektivet har utvikla seg frå 2022 til 2024 og tek utgangspunkt i debattane etter utanriksministaren sin utanrikspolitisk redgjerelse. Undersøkelsen gjennomførast med ein analyse av debatten frå 2022, 2023 og 2024 der ein fokusera på dei same politiske partia kvart år. Analysen peika på ei samla, felles einigheit om at NATO medlemskap for våre naboland er positivt. Ei felles oppfatning om at det har store militære og sikkerheitspolitisk verdi for Noreg.

Oppgåva byrjar med ein redgjerelse for kvifor dette er fagleg og samfunnsmessig relevant, samt gjer rede for tidlegare forskning på kvifor eit slikt samarbeid har vore viktig for Noreg. Deretter presenterast det teoretiske grunnlaget for oppgåva som skal setje oppgåva inn i ein større samfunnsmessig samanheng. Vidare blir det benytta ei diskursanalyse forankra i det teoretiske grunnlaget om institusjonalisme og diskursiv institusjonalisme. Den metodiske tilnærminga redgjer for diskursen som blir brukt, val av datamateriale og framgangsmåte. Analysen av diskursen blir presentert og diskutert i kapittel 4.0. Til slutt gir konklusjonen eit kort utdrag av oppgåva og presentera dei viktigaste funna i analysen.

## 1.1 NATO I nord og tidlegare forskning

I lys av den nye geopolitiske verkelegheita som er prega av auka spenning og krig i Europa, har det stor relevans for Noreg når Sverige og Finland no har blitt NATO medlem (Halvorsen, 2022). Etter andre verdenskrig var både Finland og Sverige uavhengige. Finland var alliansefri og måtte byggje opp ein betydeleg militær styrke. Sverige var nøytral i sin utanrikspolitikk og har vore ein sentral del av Sveriges nasjonale identitet (Michalsen, 2021). Sjølv om Sverige har tilpassa og modernisert sin utanrikspolitikk

sidan andre verdskrig, har prinsippet om nøytralitet vore ein kontinuerleg retningslinje i landets internasjonale engasjement.

Noreg har på si side planar om å oppgradere og utvide den militære stillen dei neste åra, til forskjell frå før då dei nærmast rusta ned det norske forsvaret (Finansdepartementet et. al., 2024). I forsvarsbudsjettet for 2024 er det foreslått å bevilge 90,8 milliardar kroner, noko som utgjer ei auking på 15 milliardar kroner samanlikna med det reviderte budsjettet frå 2023 (Didriksen, 2023). Denne auka antydgar at Noreg anerkjenner viktigheita av å styrke forsvaret betydeleg i nordområda. Dette vil bli spesielt relevant i lys av den aukande størrelsen på NATO i nord. Noko som mogleggjer mottak av allierte styrker. Ei tydeleg styrking av forsvaret vil ikkje berre bidra til å møte regionale sikkerheitsutfordringar, men også kunne styrke Noregs rolle som alliert innanfor ramma av NATO og Nordisk samarbeid.

I ei tid der geopolitisk usikkerheit blir stadig meir framtrudande, med tanke på krigen i Ukraina, kan det med dette sjå ut til at dei nordiske landa erkjenner behovet for endring. Noreg er avhengig av NATO og landets nære allierte. Ved å styrke Noreg si evne i heile det nordiske området, styrkar ein evna til å handle saman med dei allierte. Dette inkluderer også Sverige og Finland som dei nyaste NATO medlemmane (Finansdepartementet et. al., 2024).

Finland og Sverige sin inntreden i NATO har ein verdi for korleis den sikkerheitspolitiske endringa i Norden skjer. Dei har tradisjonelt sett har vore nøytrale eller ikkje-allierte, og før medlemskapet var dei, saman med Noreg, Danmark og Island, med i eit samarbeidsforum kalla NORDEFCO (Nordic Defence Cooperation) (Saxi, 2022; Dahl, 2021). Samarbeidet gjekk ut på å styrke partnerskapet mellom landa for å oppnå eit betre forsvars- og sikkerheitssamarbeid, auka effektivitet og ressursutnyttelse i forsvarssektoren. Samtidig som dei skulle møte felles sikkerheitsutfordringar i regionen (Saxi, 2022). Det kan tyde på at det har vore eit ønske om eit samarbeid mellom landa i nord. Ved å studere korleis Noreg oppfatar at dei blir med, kan vi betre forstå forholdet mellom ønsket om nordisk samarbeid og behovet for å tilpasse sikkerheitspolitikken til globale truslar.

Nordområdepolitikken har som eit hovudmål å fremje internasjonalt samarbeid. Det betyr at Noreg, som utøver politikken, ynskjer å samarbeide med andre land og organisasjonar for å løyse dei felles utfordringane og sikre fred i verden (Knutsen og Steinveg, 2023). Bakteppet for nordområdepolitikken var Noreg sin geopolitiske posisjon og den gitte sovjetiske oppbygginga av militære styrker på Kolahalvøya (Pedersen og Skagestad, 2020). Noregs nordområdepolitikk fokusera på sikkheitsspørsmål, der også Finland og Sverige er med på å løyse felles utfordringar. Noreg søker med nordområdepolitikken å oppretthalde ein open dialog og samarbeid med alle aktørar i nordområdet (Pedersen og Skagestad, 2020). Samla sett understrekar denne politikken Noregs engasjement i nordområde og behovet for å samarbeide med andre nasjonar for å sikre fred og stabilitet. Det er med dette tydeleg at eit sterkare og tettare samarbeid mellom dei nordiske landa har vore eit stort ønske og behov tidlegare.

## 2 Forskingslitteratur

### 2.1 Institusjonalisme

På grunn av ei aukande globalisering er statar avhengige av kvarandre for å løyse ulike oppgåver. Dersom endringar i verdsordenen, globalisering og økonomiske endringar skjer må statar samarbeide med kvarandre for å sikre økonomisk sikkerheit, velferd og ikkje minst innbyggjarane si sikkerheit. Dersom dei ynskjer å oppnå det ønska utfallet mellom to eller fleire statar, må dei inngå ein avtale. Ein slik avtale er ei institusjonalisering av det samarbeidet (Scott, 2001, s. 104-106).

Denne teorien gir oppgåva eit perspektiv på korleis norske politiske institusjonar og prosessar, slik som regjeringa og stortinget, påverkar den norske haldninga til Finland og Sveriges NATO medlemskap. Institusjonalistiske perspektiv kan også bidra til å forklare endringar i det Norske perspektivet over tid. Oppgåva vil sjå på endringa i Europa som førar til endringar på Noregs syn på eit nordisk samarbeid.

Ein institusjon er ein måte for å få fleire aktørar til å samarbeide for å løyse spesifikke problem. Institusjonar kan være formelle strukturar som organisasjonar, lover og reglar, samt uformelle normer og verdiar (Trøan, 2020). Institusjonalisme vektlegg korleis dei ulike institusjonane påverkar individuell åtferd, samfunnsutvikling, økonomi og politiske prosessar (Peters, 2019, s. 4.) Strukturen til ein institusjon kan være formell og uformell, men det må være eit sett av reglar som samarbeidspartnarane må følge når dei set i komitéar eller råd. (Peters, 2019, s. 23 og Trondal & Veggeland, 2003, s. 59-65).

NATO er ein organisasjon, men gjennom avtaler om praktisk samarbeid med NATO, NORDEFECO samarbeidet, er ein institusjon (Haugevik, 2022). Institusjonalisme identifiserer verkelegheita med juridiske føresetningar som regulera gitte felt, slik som f.eks. gjennomføring og handheving av lover (Staroňová & Gajdushek, 2019, s. 282). Ein kan med andre ord seie at institusjonar lagar køyrereglane for kva ein skal gjere og ikkje.

### 2.2 Diskursiv institusjonalisme (DI)

Diskursiv institusjonalisme (DI) er ei retning innanfor nyinstitusjonalisme (Wahlström og Sundberg, 2018). Nyinstitusjonalisme er ei forgreining av institusjonalisme som går utanfor formelle reglar og ser på korleis institusjonar formar beslutningar og definerer interesser (Hauge et al., 2019, s. 23).

Diskursiv institusjonalisme er kjend frå statsvitaren Vivien Schmidt (Schmidt, 2008), den fokuserer på korleis idéar og framstillingar påverkar og formast av institusjonelle strukturar og prosessar. I følge Schmidt er diskursar det dynamiske elementet i institusjonell endring (Bukve, 2012, s. 55). Teorien bidreg med eit perspektiv som gir innsikt i korleis norske vurderer NATO medlemskapa i lys av institusjonelle endringar, spesielt knytt til endringar i alliansar, samarbeid og sikkerheit. Teorien opnar for innsikt i idéar og framstillinga av diskursen si rolle i politikk. Ein kan sjå på eit auka nordisk samarbeid som ein idé som blir lagt fram som eit svar på krigen i Ukraina.

Diskurs er ein interaktiv prosess og denne prosessen tillèt at ein snakkar om institusjonane på avstand, og der er slik institusjonsendringar er mogleg (Bukve, 2012, s. 75). Schmidt hevda at ein vellukka diskurs er avhengig av kontekst og innhald mot riktig publikum til riktig tid og sted (Schmidt, 2008, s. 313). Diskursprosessar kan avsløre kva som gjer ein idé vellukka eller ikkje basert på kommunikasjon, stad og målgruppe. Ein vellukka diskurs kjenneteiknast av sannheit og konsistens. (Bukve, 2012, s. 78)

Idear kan enten være kognitive eller normative (Schmidt, 2008, s. 306-307). Dei kognitive idéane tek i utgangspunkt i å presentere situasjonen slik som den er og deretter utarbeide ein plan basert på logikk, interesser og nødvendighet. På den andre sida vil normative idear vurdere kva som er moralsk riktig eller galt i situasjonen og foreslå handlingar basert på dei moralske prinsippa. Normative idear knytt verdiar og normar til politikken og søker å rettferdiggjere politiske handlingar (Schmidt, 2008, s. 306-307). I denne oppgåva skal det argumenterast om dei kognitive argumenta som omhandlar nytten eller interessa Noreg har av at Sverige og Finland blei NATO medlemmar. Det er ikkje relatert til reglar eller normar på same måte som normative argumenter. Løysingane som normative argument fører til, stemmer ofte overeins med grunnleggande politiske verdiar (Schmidt, 2008, s.308). Det er ofte verdigrunnlag som ligg i samfunnet og som skal understreke samsvaret til verdiane eller normane for å bevise politikk (Schmidt, 2008, s. 307; March og Olsen, 1989).

### 3 Metodisk tilnærming

For å svare på problemstillinga er det brukt parlamentarisk diskurs. Den samanlikna diskursiv institusjonalisme med den utanrikspolitiske redgjerelsen frå 2022 til 2024. Vidare analysera oppgåva kva norske aktørar meina og kva betydning det har for Noreg at det er to nye NATO medlemmar i nord.

Analysa si tilnærming blir presentert likt og tar utgangspunkt i same perspektiv i alle tre debattane. Dette sikrar ein konsistent og samanliknbar metode for å utforske dei ulike argumenta som presenterast i debatten. Analysen vil basere seg på tre kapittel der kvart kapittel representera kvar debatt i systematisk rekkefølge frå 2022-2024.

Analysa viser likheiter, ulikheiter eller gjentakelsar gjennom debattane frå dei tre siste åra. Diskursiv institusjonalisme blir brukt som teoretisk grunnlag for å undersøke korleis språkbruk og framstillingar påverkar og blir påverka av institusjonelle strukturar (Hoff-Jenssen, 2023). Er det utelukkande positive argument, eller variera det frå år til år? Analysa tolkar debattens innhald i lys av den samfunnsmessige samanhengen, noko som er typisk for kvalitativ forskning (Thagaard, 2003, s. 193).

Innhaldsanalyse benytta diskursanalyse for å komme til poenget. Ei diskursanalyse slik som i denne oppgåva, er ein tekst- eller dokumentanalyse som har ein bestemt type diskurs teori (Johannessen et. al, 2018, s. 68). Den spesifikke type diskurs teori som blir brukt er Schmidt sin diskursive institusjonalisme.

DI vil bli brukt som eit teoretisk utgangspunkt i oppgåva og den vil starte med å dele partia inn i kognitive og normative grupper basert på år. Funna i denne inndelinga blir presentert i analysa og mønstera blir avdekt i diskusjonsdelen. Dette mønsteret blir oppsummert gjennom ein tabell som er vedlagt på side 15.

Datamaterialet som ligg til grunn i oppgåva er henta frå den påfølgande debatten frå utanriksministaren sin utanrikspolitiske redgjerelse frå 2022, 2023 og 2024. Det er kun benytta debattar frå dei tre siste åra ettersom det er eit relativt nytt og lite utforska tema. Samtidig som det var i denne perioden det var aktuelt med NATO medlemskap for Sverige og Finland, noko som gjorde det til ein sentral tematikk i Noreg.

Kjeldene er henta frå stortinget sine nettsider, og det blir brukt både referat, publikasjonar og videoarkiv frå dei tre debattane. Debattane er valt som primærkjeldene i oppgåva fordi dei representera regjeringa si utanrikspolitiske prioritering og strategiar på lang og kort sikt (stortinget, 2024). Dei brukast for å klargjere diskursen mellom dei politiske leiarane i debatten for denne tidsperioden. Det er også blitt benytta sekundærkjelder i oppgåva for å fylle inn eit breiare teoretisk grunnlag.

Analysa vil konsentrere seg rundt meininga til tre ulike parti gjennom dei tre ulike debattane frå 2022 til 2024. Dette er Arbeidarpartiet (AP), Høgre (H) og Senterpartiet (SP). Dei er av dei største partia i Noreg og representera kvar sin politikk. I tillegg er det kun dei tre partia som har nemnt noko om eit Svensk Finsk NATO medlemskap i dei tre debattane. Dette betyr at analysen har tilgang til eit større datagrunnlag frå desse partia enn andre. For eksempel støttar Arbeiderpartiet Norsk medlemskap i EU og er tilhengjarar av internasjonalt samarbeid. Høgre er EU-positiv, men er tydeleg på at dei

ynskjer å behalde Norsk suverenitet. SP er skeptisk til norsk EU-medlemskap og er oppteken av å behalde nasjonal kontroll over viktige politikkområder slik som landbruk og fiskeri (Harper et. al, 2021).

Analysa er først og fremst oppteken av argumentasjonen frå dei ulike partileiarane i debatten og deira måte å formidle dette på. Begrensingane knytt til analysen er at det kun er fokusert på tre ulike aktørar tre år på rad. Det hadde vore sentralt å ta med parti som Sosialistisk Venstreparti og Rødt som vil ha Noreg ut av NATO (Rønsen, 2022).

Debattane er også avgrensa i den form at ikkje alle argumenta blir tatt med i analysen på grunn av det store omfanget av informasjon i debattane. Sjølv om oppgåva fokusera rundt temaet om NATO i nord, pågår det andre debattar i norsk politikk som kan ha påverka aktørane sine argument. Med forbehold om desse begrensingane skal oppgåva forsøke å belyse dei for å kunne frambringe ny informasjon om temaet.

## 4 Analyse

### 4.1 Debatt 2022

Første debatt den 22. mars 2022 blei innleia av dåverande utanriksminister, Anniken Huitfeldt, sitt hovudinnlegg. Huitfeldt initierte debatten med Russland sin invasjon i Ukraina og dens betydning for Noreg. Noreg har ein farleg russisk nabo, der 30 år av norsk naboskapspolitikk er endra. Det vi prege landets nordområdepolitikk (Huitfeldt, 2022). På dåverande tidpunkt hadde ikkje Finland og Sverige søkt NATO medlemskap, det skjedde i mai 2022 (Fosse, 2024). Det vil seie at verken Sverige eller Finland har fått godkjent sine medlemskap på dette tidspunktet. Huitfeldt nemnte at dersom desse to landa skulle gjere det, ville det være eit strategisk og sikkerheitspolitisk vendepunkt for Norden, og Noreg, utan å utdjupe det vidare (Huitfeldt, 2022).

**Høgre** sin representant, Ine Eriksen Søreide, opnar debatten med å stadfeste at situasjonen som er i Europa er reell. Framstillinga til Søreide vektlegg Noregs evne til å samarbeide, og motta forsterkningar frå allierte for å oppretthalde eit kollektiv forsvar og avskrekking. Eit nært samarbeid med allierte er avgjerande. Ho poengtera viktigheita av eit Svensk Finsk Nato medlemskap:

Det er viktig å understreke at eit Svensk og Finsk NATO medlemskap vil styrke den nordiske sikkerheita (Søreide et al., 2022, 17:44)

Dette argumentet kan kategoriserast som kognitivt fordi det fokusera på den logiske forbindelsen mellom handlinga (Svensk og Finsk NATO medlemskap) og resultatet (styrking av nordisk sikkerheit). Argumentet visar at ei bestemt handling vil føre til ein spesifikk konsekvens. Det visar til eit kognitivt idégrunnlag om realpolitisk interesse. Seinare i debatten seier også Ingjerd Schou (H) at dersom Sverige og Finland skulle søke om NATO medlemskap vil dette styrke det nordiske sikkerheitsarbeidet (Schou et al. 2022). Schou har ei kognitiv tilnærming der ho omtalar korleis ho forstår verden og handlingane deretter. Høgre framlegg at NATO medlemskap for våre naboar er det einaste logiske valet, og det beste valet for Noreg sin del. Schmidt si konseptualisering av idékraft handla om aktørar si evne til å påverke andre si normative og kognitive overbevisningar gjennom idéar, nettopp det Høgre gjer i sin debatt (Schmidt, 2016). Ved å bruke ein slik sterk uttalelse eller påstand får Høgre påverka dei andre aktørane til å akseptere og adoptere deira synspunkt gjennom bruk av idémessige element (Schmidt, 2016).

**Arbeiderpartiet**, meina at det er viktig i ei uroleg tid å styrke militært samarbeid i Norden (Sundnes et al., 2022, 2:03:57). AP argumentera for at det er mykje nordisk samarbeid, og meir vil det bli dersom våre naboland skulle beslutte å bli NATO medlem. Debatten i 2022 har ikkje AP mange argument som omhandlar eit nordisk samarbeidet men uttalar likevel at:

Vi trappar opp det nordiske samarbeid, samarbeidet på begge sider av Atlanterhavet. (Aukrust et al., 2022, 30:00).

Av dette kan vi tolke ei ønska utvidelse eller forbetring av det allerede eksisterande samarbeide mellom desse regionane. Han (Partiets representant Amund Aukrust) begrunna dette med ei tettare tilpasning etter Russland sin invasjon av Ukraina. Han argumentera både ved bruk av fornuft og eit fleksibelt og opent ordbruk (Schmidt, 2015, s. 13). I sine appellar har AP ei normativ framstilling som basera seg på fornuft og verdiar som ligg i mennesket. Det stemmar overeins med Schmidt sin betegnelse om å benytte det grunnleggjande nivået av idéar vedrørande moralske prinsipp (Schmidt, 2015, s. 4; Weir, 1992, s. 169; Freeden, 2003)

**Senterpartiet** på si side hadde argument som var svært mykje prega av eit normativ idégrunnlag, der Noregs NATO medlemskap er bærebjelken i Norsk sikkerheitspolitikk (Fasteraune et al., 2022, 34:30). SP framhevar at Noreg er NATO i nord og har med våre verdiar støtta våre alliansar, vore ein stabil partner. Både alliansar og partnerland som ein potensielt må støtte i ein eventuell krig, er viktig å oppretthalde eit godt samarbeid med. Dei nemner også at SP ser på viktigeita av at Noreg har eit sjølvstendig forsvar med eigne kapasitetar. SP argumentera for at eit samarbeid om forsvar og sikkerheitspolitikk må skje gjennom NATO ettersom det er det NATO går ut på. (Fasteraune et al., 2022, 38:33). Dei har ei litt anna tilnærming enn dei to andre partia i måten dei ynskjer at Noreg skal være så sjølvstendig som mogeleg, men auke og fortsette det gode samarbeidet med NATO – og naboland:

Vi ønsker eit sterkare nordisk og sikkerheitspolitisk samarbeid, men det må utviklast gjennom NATO (Fasteraune et al., 2022, 37:30).

Debatten var prega av krigen i Ukraina og sikkerheitspolitikk i samband med det. Samtlege parti var samkøyrt i måten dei meina at problemstillinga har ein stor verdi for Noreg. Dei var nokså einige i at det har både ein sikkerheits- og allianse messig verdi for landet og kan byggje på vidare samarbeid. Denne debatten tok plass like før Sverige og Finland søkte NATO medlemskap, men det var høgst sannsynleg at dei kunne komme til å gjere det på dette tidpunktet. Alle tre paria argumentera likt for at situasjonen i Europa er kritisk, men at eit sentralt val for Noreg på dette tidspunktet er å samle og samarbeide med dei andre nordiske landa. AP og SP hadde ei relativ normativ forståelse og tilnærming i debatten, medan Høgre heldt seg meir kognitiv. Det er gjerne naturleg i forhold til at ein ikkje veit kva konsekvensar det kan ha for Noreg endå. Høgre bruke argument om deira forståelse for verdsbiletet, som gjer at det trekk meir mot det kognitive feltet.

## 4.2 Debatt 2023

Utanriksministaren sin utanrikspolitiske redgjerelse frå 21.mars 2023 vart innleia av utanriksminister Anniken Huitfeldt. Redgjerelsen kan sjåast på som ein fortsettelse av den frå 2022. Det var framleis krigen i Ukraina og at Noreg har no ein endå meir truande nabo som var fokuset. Det gjer at sikkerheitsgarantien Noreg får gjennom NATO blir desto viktigare (Huitfeldt et al., 2023, 07:45). Under denne redgjerelsen hadde Sverige



ikkje fått innvilga NATO medlemskap, medan Finland hadde fått godkjent søknad den 4.april 2023 (Rooseboom de Vries, 2023). I talen presisera Huitfeldt at Finsk og Svensk NATO medlemskap vi gjere organisasjonen sterkare.

Ei felles forankring i NATO opnar for eit utvida og meir forpliktande nordisk forsvars- og sikkerheitspolitisk samarbeid (Huitfeldt et al., 2023, 08:00).

Ho nemner også at dersom Sverige og Finland skulle bli truast militært før søknadane er godkjent, er det usannsynleg at NATO ikkje skulle reagere. Dette passar inn i Schmidt si førestilling om eit kognitivt perspektiv. Argumentet over fell også inn i eit kognitivt perspektiv om korleis Huitfeldt ser på problemet og problemstillinga, i tillegg til korleis det kan løyse problemet. Huitfeldt benyttar sitt perspektiv på korleis ho ser på verden og dens politikk (Schmidt, 2008).

**Høgre**, argumentera fyrst og fremst for at Sverige og Finland kjem inn i NATO som utelukkande positivt (Søreide et al., 2023, 1:20:21). Dette blir begrunna med at det styrkar den regionale og transatlantiske sikkerheita, men at det òg byr på endringar for Noreg sin del. Noreg sin posisjon i nordområda blir desto viktigare på grunn av at landet er eit mottaksområde for allierte forsterkingar. Dette gjeld ikkje kun til Noreg, men til heile det nordiske baltiske område. Høgre argumentera for at sjølv om krigen i Ukraina har tatt mange av landstyrkene til Russland, så er luft- og sjøstyrkene nesten uberørt. For Noreg vil dette får direkte betydning, spesielt i undervannsdome, på grunn av at dei har sine viktigaste kjerneområde på Kolahalvøya (etterretningstjenesten, u.å.)

Høgre understreka at Noreg må investere meir i partnerskap og alliansar som vi har i NATO og andre land (Søreide et al., 2023, 1:20:21). Høgres representant Hårek Elvenes argumenterte også for eit viktig fokus for norsk utanrikspolitikk i dei kommande åra bør være å fremje eit bindande internasjonalt samarbeid innanfor det multilaterale systemet. Det tenar ikkje berre Noreg, men også resten av verden:

Verden står ovanfor store globale utfordringar som ingen stat kan løyse aleine. Noreg nyt høg tillit internasjonalt, vi blir lytta til, og vi settast ikkje i bås (Elvenes et al., 2023, 12:44:48)

Noreg er godt plassert til å ta ei leiande rolle i dette. Med dette argumentet demonstrera Høgre at dei vil jobbe for framtidige samarbeid. Argumentasjonen er i union med det Schmidt beskriv som ein normativ diskurs. Dei går inn med ei prinsipiell framstilling av Høgre sine verdiar for å overbevise om at dette er like så godt Noreg sitt ansvar som nokon andre land sitt (Gahnem, 1997, s. 196-198). Høgre forsøka å rettferdiggjere sin politikk ved å framheve korleis den er i tråd med samarbeid og overstemmelsar med norske verdiar (Schmidt, 2008, s.307).

**Arbeidarpartiet** delar Utanriksministaren sin påstand om at Finsk Svensk NATO medlemskap vil gjere Noreg sterkare. Og det vil styrke sikkerheita i nord. Dei poengtera at på grunn av Noregs beliggenheit på kartet er sikkerheita vår spesielt viktig i ei tid som denne. Han presisera at det er viktig at vi held saman, spesielt dersom Russland skulle ønske å splitte oss.

[...] Finland og Sverige vil gjere NATO sterkare, og det vil styrke sikkerheita i nord. Russlands ulevelige angrepskrig i Ukraina har gjort det tydeleg for alle med opne auge kor viktig alliansens sikkerheitsgaranti er for oss med vår beliggenheit (Foshaug et al, 2023, 11:26:07).

Ved dette framlegget viser AP Noreg som ein påliteleg og stabil aktør som har stor geopolitisk betydning. Dei presisera også at samarbeidet med andre land er viktig på grunn av at ein skal unngå avhengige situasjonar av eit autoritært regime for viktige ressursar. Krigen blir sett på som ein systematisk situasjon som har vore målretta frå det autoritære regimet i Russland for å svekke dei etablerte internasjonale normane og reglane. Arbeiderpartiet påpeikar med dette at Sverige og Finland sitt NATO medlemskap til styrke alliansen, som igjen vil forbetre sikkerheita i det Nordlege området. Dette understrekar betydninga av å ha sterk støtte og beskyttelse frå ein militær allianse som NATO i lys av truslar og konflikhtar.

Det er tydeleg kva som må til for at Noreg kan stille seg i ein betre posisjon. Behovet blir fremja av eit ynskje om ein sikkerheitsgaranti ved eit tettare samarbeid med våre naboland. Grunnlaget blir vektlagt i logikken bak dei interessebaserte argumenta og nødvendigheita av å implementere endringar (Schmidt, 2008, s.306) Eit anna poeng er at AP sin argumentasjon har forholdt seg normativ (Rye, 2019, s. 137). I argumentet over vektlegg Foshaug geopolitiske realitetar og sikkerheitstruslar i den nordlege regionen. Sjølv om argumentet kan tolkast som ei handling i tråd med normative prinsipp om fred og sikkerheit, er hovud betydninga av argumentasjonen basert på ein kognitiv forståelse av situasjonen (Schmidt 2000; 2002).

**Senterpartiet** sitt innlegg er prega av eit normativt perspektiv om normar og verdiar. Dei understrekar viktigheita av å ivareta norske interesser som den mest sentrale søyla i utanrikspolitikken. Referansar til tradisjon er eit verktøy som understrekar at argumenta harmonera med det som allereie er etablert ifølge Bevir og Rhodes (2003). Det handlar ikkje om konflikt med andre nasjonar, men heller om å samhandle og kommunisere i dialog med andre land. Balansen mellom nasjonale interesser og oppretthalde internasjonalt samarbeid og partnerskap for fellesskapets beste er av stor betydning for SP.

No har Russland si krigføring og ein endre trusselsituasjon ført Finland og Sverige nærare NATO, og ein ting er sikker: dei kjem til å bli medlemmar og det kjem til å styrke vår forsvarsallianse. (Fasteraune et al., 2023, 01:41:20).

Argumentet peikar på ei aukande betydning av alliansar og partnerskap i dagens situasjon. Spesielt understrekar den kor avgjerande eit NATO – medlemskap for Sverige og Finland er for Noreg. Å forstå og styrke slike alliansar og partnerskap blir derfor ein strategisk prioritet for å ivareta nasjonale interesser og bidra til global sikkerheit. NATO er eit instrument Noreg kan benytte seg stort av og utnytte dei moglegeheitene som ligg i det. SP går vidare inn på fordelane ved eit sterkt og tillitsbasert Norden. Det vil være avgjerande for det gode samarbeidet mellom dei nordiske landa og styrke tilliten vidare basert på eit sterkt grunnlag i Norden, seier SP representant, Kathrine Kleveland

(Kleveland et al., 2023, 13:00:36). Ho begrunna argumenta sine med at landa i Norden delar kjerneverdier som knytt dei saman. Opne liberale samfunn prega av tillit både innad i landa og imellom seg. Velfungerande institusjonar og ein sterk tradisjon for samarbeid er blant desse verdiane. Ho meina at demokrati, rettsstat, menneskerettigheitar, likestilling og bærekraftig utvikling utgjer grunnpilarane i våre nordiske samfunn (Kleveland et al., 2023, 13:00:36).

Noreg lykkast når det nordiske samarbeidet førar til felles innsats som skapar meirverdi for dei nordiske landa og sine innbyggjarar. Grunngevinga fokusera på ideelle eller ynskja prinsipp og verdier slik som demokrati og likestilling. Disse elementa ansjåast som normative fordi dei representera ideal som samfunnet bør streve etter (Schmidt, 2008, s. 306-307). Vidare uttrykk argumentasjonen om suksesskriteria for eit samarbeid «å skape meirverdi for landa og innbyggjarane», som ein normativ målestokk for å bedømme suksessen til det nordiske samarbeidet (Schmidt, 2008, s.306-307).

Debatten viser at aktualiteten for eit tettare samarbeid med dei nordiske landa og viktigheita av NATO i nord har berre blitt sterkare sidan debatten i 2022. Det som i tillegg prega denne debatten var samanhengen mellom klimaendringar og sikkerheitspolitikk. Eit godt samarbeid er ikkje kun sentralt på grunn av krigen i Ukraina, men i alle delar av politikken.

### 4.3 Debatt 2024

Debatten som følge av utanriksministaren sin utanrikspolitiske redgjerelse var den 7. mars 2024, same dagen trådte Sverige formelt inn i NATO (Fosse, 2024). Det vil seie at på dette tidpunktet var både Sverige og Finland NATO medlemmar. Utanriksminister Espen Barth Eide, understreka viktigheita av NATO på grunnlag av norsk sikkerheit og norsk situasjonsforståelse i nord (Eide, 2024). Han begrunna det med at medlemskapet til Sverige og Finland har stor betydning for forsvaret både i Noreg og i Norden. Tidlegare nordiske samarbeid har gitt positive resultat, og med eit tettare samarbeid med nabolanda er Noreg endå meir rusta til å handtere forpliktelsane knytt til NATO-samarbeidet. Eit NATO medlemskap for Sverige og Finland opnar opp for større mogelegheiter for forsvarspolitisk integrasjon i heile Norden. Han understrekar at eit samla Norden i NATO opnar opp for nye mogelegheiter, også utanfor forsvarssektoren. Det strekk seg inn i næringslivet, infrastrukturen, forskinga og utdanning. Dei nordiske landa sit med store naturressursar, kunnskaps og industriell kompetanse, samt eit felles verdigrunnlag (Eide, 2024). Eide vektlegg at eit nordisk NATO samarbeid gir ein unik moglegheit til å utvikle å styrke samarbeid på tvers av sektorar, og legge grunnlaget for ein meir integrert og robust nordisk allianse innanfor NATO-rammene (Eide, 2024).

**Høgre** startar denne debatten med å presisere at i 2024 blir nordområda si strategiske betydning betrakteleg auka. Det blir begrunna med at Sverige og Finland sin inntreden i NATO gjer at Noreg bli eit endå viktigare mottaksområde for allierte forsterkingar. Det vil auke oppmerksomheit om Noreg i det russiske strategiske perspektivet. Det kan igjen føre til eit potensielt større Kinesisk tilstedeværelse i nordområde på grunn av det Russiske og Kinesiske samarbeidet i Arktis:

NATO er sjølve grunnmuren i vår sikkerheit, og det er utan tvil at når Sverige og Finland blir NATO-medlemmer, vil det ytlegare styre vår sikkerheit. Dette vil også bidra til å styrke den europeiske og allierte sikkerheita generelt (Søreide et al., 2024, 10:09:31).

Dette argumentet visar til Høgre sitt politiske mål om å fokusere på styrking av alliansar, investere i internasjonalt arbeid og handtere sikkerheitstruslar. Det blir grundig begrunna ved å følge det Schmidt definerer som å rettferdiggjere politikken via argument som understrekar ein interessebasert logikk og nødvendigheit (Schmidt, 2006, s-255-257).

I tillegg vektlegg Høgre at det er svært viktig for dei at dette samarbeide hadde vore endå meir omfattande og robust dersom Noreg hadde vore EU medlemmar. Her adressera dei Høgre sitt standpunkt, og med dette argumentera for at Noregs interesser kan bli representert best mogleg om vi søker fullt medlemskap i EU, ikkje kun NATO (Søreide et al., 2024, 10:09:31; Rye, 2019, s.138-139). Dette blir bygd opp av at NATO er ryggrada i landets sikkerheitspolitikk, samtidig som at EU sine verkemidler kring krisehandtering kan fungere som eit tillegg til NATO, utan å erstatte det. Dette kan demonstrere at Høgre vil aktivt jobbe for ein framtidig medlemskapssøknad. Dei går inn med argumentasjonar av sitt eige parti sine verdiar som er i pakt med det Schmidt beskriv som ein normativ diskurs (Schmidt, 2008, s. 307; Mutz, Sniderman og Brody, 1996).

**Senterpartiet** understrekar også i denne debatten som dei to tidlegare debattane, at utanrikspolitikken handlar også om å forsvare Noregs nasjonale interesser. Det blir begrunna med å samarbeide og kommunisere med andre land, istaden for å være i konflikt med andre eller isolere landet.

Vår handlefriheit innan sikkerheitspolitikk er sterkt knytt til Noregs strategiske posisjon i nord:

Russlands krigføring og ein endra trusselsituasjon har også ført Finland og Sverige inn i alliansefellesskapet NATO. Norden har eit felles verdigrunnlag og ein kultur som bin oss saman. For Noreg vil eit finsk og svensk NATO medlemskap i ei endå større grad enn i dag mogleggjere eit langt tettare og betre forsvarssamarbeid (Fasteraune et al., 2024, 10:33:53).

SP er av dei partia som har tydlegast normativ haldning i sine argumentasjonar. Denne uttalelsen brukar verkemiddel som «felles verdigrunnlag» og «kultur som bind oss saman» for å overbevise om eit ønskje om ei tettare tilknytning. Her blir det vektlagt kva som må gjerast og nødvendigheita for ei vidareutvikling av forholdet. Det kjem til uttrykk kva utgangspunkt SP har og korleis dei ser føre seg forholdet i framtida. Denne sida av ei framstilling er sentral på grunnlag av at aktørane informerer om kvifor dei ser på forholdet på ein bestemt måte med eit så tydeleg mål. Argumentasjonen framstår som fleksibel i forhold til spørsmålet om kva det har å sei for Noreg at Sverige og Finland blir NATO-medlemmar (Schmidt, 2015, s.13). Den fokusera heller ikkje på antakelsar om dei negative konsekvensane ved svensk og finsk medlemskap. Ein kan likevel trekke slutningar om at SP meina at den største utfordringa i eit slikt samarbeid er å bevare norske interesser. Gjennom dei tre debattane har SP haldt seg konsistent i sine argumentasjonar heile vegen (Bukve, 2012, s. 78). Argumentet over kan ta utgangspunkt i både eit normativt og kognitivt perspektiv. Likevel vil eg argumentere for at den heller mot ei kognitiv tilnærming på grunn av at den tek i utgangspunkt å

presentere situasjonen slik ein finn den og deretter utarbeida ein plan basert på logikk, interesser og nødvendigheit (Schmidt, 2008, s. 306-307).

**Arbeiderpartiet** vektlegg også betydninga av å forsterke NATO-samarbeidet, ved å styrke det kollektive forsvaret der landa forsvara kvarandre. AP har den forståelse av at NATO medlemskap for våre naboland styrka både norsk og nordisk sikkerheit. Dei understrekar gjensidigheita i forsvar mellom lang, og at alliansen har aldri vore så viktig og aktuell som den er no (Aukrust et al., 2024, 10:24:55). AP visar ei tydeleg politisk prioritering av NATO som ein avgjerande allianse for Noregs sikkerheit. Å forsterke samarbeidet betyr å investere i eit felles forsvar og å støtte i forsvarbehovet. Poenget til AP verkar å være at sjølv om Noreg har eit sterkt forsvar nasjonalt sett, er det kollektive forsvaret gjennom NATO som verkeleg styrkar landet si sikkerheit. Arbeiderpartiet kunne peike på konkrete framskritt mot ein djupare integrasjon og samarbeid mellom medlemslanda då Finland for fyrste gong deltok i øvelsen Nordic Respons (Sæterbø et al., 2024).

Så er eg glad for at vi også forsterkar NATO samarbeidet vårt (Aukrust et al., 2024, 10:24:55).

I denne argumentasjonen brukar AP verkemiddel som «eg» for å få ein tettare tilknytning ned på personnivå. Det hjelpe med å personleggjere og nærmast individualisere tilnærminga frå det personlege til det politiske (Berman, 1998; Blyth, 2002). Ved å knytte det til individuelle opplevsalar og behov, blir argumentasjonen meir direkte og verkelegheitsnær. Det kan være svært overbevisande for mottakaren. Arbeiderpartiet greia ikkje mykje ut om kva dei tenkjer at ein Svensk og Finsk NATO medlemskap kan gjere for Noreg.

Samla sett kan ein sjå at Arbeidarpartiet vektlegg styrking av nordisk samarbeid, basert på moralske prinsipp og fornuft. Gjennom alle tre åra fortsett AP å forsterke betydninga av NATO samarbeidet og kollektivt forsvar gjennom NATO.

Høgre understrekar behovet for alliert samarbeid og framhevar NATO-medlemskap som det logiske og beste valet for Noreg sin del. Høgre fortsett også å forsterke same punkt som AP, men peikar på å auka oppmerksomheit om Noreg frå Russland som følge av medlemskapa til nabolanda.

Senterpartiet legg vekt på Noreg si rolle som ein sterk ressurs i seg sjølv og som påliteleg NATO alliert, og understrekar behovet for å oppretthalde eit stekt forsvar. Til forskjell frå dei to andre partia har SP ei litt annleis framstilling i sine argument. Dei ser på det nordiske samarbeidet som ein unik mogelegheit til å auka forsvarssamarbeid og styrking av nordisk allianse, men også partnerskap for Noreg som har felles verdiar og kultur i nordisk samarbeid. Dei er meir oppteken av å vise at dei ynskjer å bevare norske interesser enn dei to andre partia.

## 5 Diskusjon

Samla sett ser vi at både Høgre, Arbeidarpartiet og Senterpartiet er einige i kva retning Noreg skal peike mot når Sverige og Finland blir NATO medlemmar. Det eg fyrst vil trekke fram er at ut i frå debatten kan ein tolke det som at alle aktørane er einige i at det blir ei utvikling i infrastruktur og tettare samarbeid i dei nordiske landa. Det har med det nye felles forsvaret som blir i nord. Noregs auka i forsvarsbudsjettet kan indikere ein auka sikkerheitsutfordring i nordområda. Det er nødvendig å styrke Noregs forsvarskapasitet for å møte potensielle truslar. Det heng også saman med Noregs rolle som ein NATO-alliert. Det blir viktig i tida framover å kunne ta imot og samarbeide effektivt med allierte styrker. Noreg, Sverige og Finland har lenge hatt eit nært samarbeid på fleire områder, og ein styrka forsvarsevne vil kunne forsterke dette partnerskapet ytterlegare. Desse framstillingane påverkar og formar korleis institusjonelle strukturar og prosessar fungera. Det blir eit nytt landskap, nye avtalar og eit tettare samarbeid mellom Noreg, Sverige og Finland.

Gjennom alle tre debattane ser ein at utviklinga skjer gradvis frå år til år. Partia blir meir og meir sikre på at det vil skape tettare samarbeid og viktigheita av det. Partia flyt i same retning og eskalera sin argumentasjon deretter. Eg vil også argumenter for at ein kan allereie tolke frå debatten i 2022 at det har vore eit stort ynskje om eit tettare samarbeid. Det kan ein sjå, ikkje kun på grunn av f.eks. NORDEFECO samarbeidet, men også at partia har veldig få fordommar mot eit tettare samarbeid. Det er interessant å sjå at mønsteret til alle aktørane held seg likt frå 2022 til 2024. Det er ei sterk forutsigbarheit i deira svar og framstillinga er eintydig.

Høgre set tonen i debatten frå 2022 og fokusera på det store potensiale det har for sikkerheitspolitikken. Søreide argumentera kognitivt for ei styrka nordisk sikkerheit gjennom NATO-medlemskap og understrekar verdien av eit nært nordisk samarbeid. Schou brukar óg ei kognitiv tilnærming ved å presentere eit logisk argument om at NATO medlemskap for Sverige og Finland gir Noreg gir ein kollektiv sikkerheitsgaranti med tanke på Russland sin geopolitiske posisjon. Gjennom alle tre debattane trekk ofte Høgre til logiske slutningar på ein kognitiv måte, og argumentera slik dei ser på verden.

Det som er interessant å sjå på er at alle aktørane er svært sikre i sin sak. Diskursen deira er relativt konsekvent lik når det kjem til grunngevingar, og på likt idégrunnlag. Det gjeld alle tre debattane, men forskjellen vi ser frå debatten i 2022 til den i 2024 er at meningane blir sterkare og sterkare til idéen om eit tettare samarbeid.

På den andre sida så kan eit nytt og større NATO i nord tiltrekke seg meir uønska oppmerksomheit frå Russland. Det kan ha potensiale til å påverke det regionale sikkerheitslandskapet betydeleg. Ein auka NATO-tilstedeværelse og forsvarsforsterkning i nord kan gjere at Noreg må styrke eiga forsvarsevne og delta meir aktivt i NATO og andre samarbeid for å kunne møte desse potensielle truslane. Det gjer at Noreg må navigere forsiktig for å oppretthalde ei balansert tilnærming til internasjonale relasjonar. Ein reaksjon frå Russland som følge av Sverige og Finland si NATO tilknytning vil bidra til å forme sikkerheitslandskapet og samarbeid med andre land for Noreg. Det blir ein diplomatisk balanse mellom å sikre nasjonal sikkerheit og stabilitet i regionen. I tillegg vil eg trekke fram at Noreg har dei tidlegare åra rusta ned det norske forsvaret, men eit

auka NATO samarbeid i nord kan være grunnen til forsvaret no får mange midlar for å ruste det opp igjen.

Senterpartiet vektla i sine debattar at norske interesser skal kome i fyrste rekke. Ein kan med det tyde at det finst ei grense på kor stort NATO kan bli før det ikkje gjennomføre til sin hensikt. Ein stor innflytelse eller ein dominans frå NATO kan begrense Noreg si evne til å ta uavhengige beslutningar som best gagnar nasjonen. Med det grunnlaget vil eg argumentere for at SP reagera annleis enn dei andre aktørane på endringar i dei institusjonelle strukturane som alliansar og sikkerheitssamarbeid. Dei er svært tydlege på at dei ynskjer eit betre samarbeid, men ikkje dersom det skulle gå ut over Noreg sine interesser og ressursar. Det er av den grunn enklare å skilje SP frå Høgre og AP si framstilling, og kvar den er forankra. Det er på grunnlag av at SP appellera til tradisjon og ei slags formeining om at "slik har det alltid har vore". I kontrast til spesielt Høgre som har ei meir kognitiv innstilling av behovet for tilpassing.

Det er vanskeleg å skilje mellom dei kognitive og normative argumenta. Det skylder at det aktørane seier er deira og partiet sine meininga. Vi veit ikkje korleis det vil utspele seg i framtida, det blir difor rett og slett synsing. Det er enklare å setje det i ein normativ bås, då mange argumenta er knytt til verdigrunnlag, normar og prinsipp.

Tabell 1 visar dei tre politiske partia sine diskursar over tid etter funn i analysen. Den utheva teksten viser diskursen som aktørane primært brukte. Teksten som ikkje er utheva representera dei «avvikande» brudda frå mønsteret som er diskutert. Dette skal vise analysen og diskusjonen sine funn. Aktørane blir kategorisert ut ifrå den type diskurs som dei i hovudsak brukar i utheva skrift. Målet med denne tabellen er å vise mønsteret over tid, men òg mangfaldet mellom dei tre partia.

**Tabell 1: Oversikt over aktørane sin diskurs over tid**

	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
<b>Normativ</b> - Verdiar - Normar - Prinsipp	<b>SP</b> <b>AP</b> H	<b>SP</b> <b>AP</b>	<b>SP</b> <b>AP</b>
<b>Kognitiv</b> - Logisk - Kunnskap - verdsbiletet	<b>H</b>	<b>H</b>	SP <b>H</b>

## 6 Konklusjon

Debatten visar ei tydeleg einigheit blant partia om behovet for å styrke nordisk samarbeid og forsterka sikkerheit gjennom NATO-samarbeidet. Problemstillinga var *Norske perspektiver på Finland og Sveriges inntreden i NATO* og kva dette betyr for Noreg.

Aktørane som er presentert i oppgåva har tre ulike formar og meiningar for å drive politikk, og ulik politisk tilhørighet. Likevel ser vi at dei i veldig stor grad er einige i sine framstillingar mot at Svensk, Finsk NATO medlemskap er utelukkande positivt. Dei formidla det på så og sei same måte, men dei sat ulike mål for tilpasning og brukte litt ulike verkemiddel for å uttrykke seg. Dei uttrykte seg gjennom ein normativ og kognitiv diskurs, der SP og AP forholdt seg til stort sett normative argument, og Høgre benytta seg meir av kognitive argument.

Diskursen varierte ikkje over tid, men det dei meinte i debatten frå 2022 blei berre forsterka til 2023 og 2024 debattane. Debattane visar med det eit mønster over tid. Ein kan derfor påstå at deira diskurs gjennom mønsteret som blir vist i analysen reflektera veien vidare for Noreg i utanrikspolitikken.

Oppgåva har forsøkt å få fram ei ny forståelse og nye idear om eit NATO medlemskap for Sverige og Finland. For å gjere det har den anvendt Vivien Schmidt sin teori om diskursiv institusjonalisme som verktøy i diskursanalysen. Det blei analysert tre debattar frå utanriksministaren sin utanrikspolitiske redgjerelse frå 2022, 2023 og 2024. Diskursiv institusjonalisme ser på institusjonelle endringar som Noreg si tilpasning til eit større samarbeid med dei nordiske NATO medlemmane og den tilknytninga som dynamisk over tid via aktørane sine framstillingar og idear.

Det hadde vore interessant å studere på dette området i framtida, med å fokusere på dei sentrale tema som fortsetta å prege debatten. Det gjeld tema som å setje spørsmål om EU medlemskap for Noreg på agendaen på ny. Ei vidare studie på dette kan gi eit djupare innblikk i korleis dette blir å utspele seg, i tillegg til å då kunne inkludere fleire politikarar frå fleire ulike politiske parti. Det kan skape eit større og meir konkret bilete og synspunkt på debatten, og ikkje minst eit meir heilheitleg bilete av den politiske situasjonen.



# Referansar

Berman, S. (1998). *The Social Democratic Movement: Ideas and Politics in the Making of Interwar Europe*. Cambridge: Harvard University Press.

Bevir, M. og Rhodes, R. A. W. (2003). *Interpreting British Governance*. London: Routledge

Blyth, M. M. (2002). *Great Transformations: Economic Ideas and Institutional Change in the Twentieth Century*. New York: Cambridge University Press.

Bukve, Oddbjørn (2012): Lokal og regional styring. Eit institusjonelt perspektiv. Oslo: Det norske samlaget.

Carstensen, M. B., & Schmidt, V. A. (2016). Power through, over and in ideas: conceptualizing ideational power in discursive institutionalism. *Journal of European Public Policy*, 23(3), 318–337. <https://doi.org/10.1080/13501763.2015.1115534>

Dahl, A.-S. (2021). Back to the Future: Nordefco's First Decade and Prospects for the Next. *Scandinavian Journal of Military Studies*, 4(1), 172–183. <https://doi.org/10.31374/sjms.85>

Didriksen, N. (2023). *De viktigste tallene i forsvarsbudsjettet 2024*. Altinget. <https://www.altinget.no/artikkel/de-viktigste-tallene-i-forsvarsbudsjettet-2024>

Eide, E., B. (2024). *Utenriksministerens utenrikspolitiske redegjørelse*. Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2023-2024/refs-202324-03-05?m=5>

Etterretningstjeneste. (u.å.). *Russlands varige brudd med vesten*. Forsvaret. [https://www.etterretningstjenesten.no/publikasjoner/fokus/Fokus24\\_innhold/Fokus24\\_kapittel\\_2](https://www.etterretningstjenesten.no/publikasjoner/fokus/Fokus24_innhold/Fokus24_kapittel_2)

Forsvarsdepartementet, Finansdepartementet, & statsministerens kontor. (2024). Et historisk forsvarsløft for å trygge norge. *Regjeringen*. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/et-historisk-forsvarsløft-for-a-trygge-norge/id3032878/>

Fosse, A., L. (2024). *Sverige er medlem av Nato: – Den som venter på noe godt*. Nettavisen. <https://www.nettavisen.no/nyheter/sverige-er-medlem-av-nato-den-som-venter-pa-noe-godt/s/5-95-1690304>

Ghanem, S. I. (1997). Political Persuasion and Attitude Change [Review of *Political Persuasion and Attitude Change*]. *International Journal of Public Opinion Research*, 9(2), 196–198. Oxford University Press.

Halvorsen, A. (2022). *Blir Sverige og Finland Nato-medlemmer, kan Norge bli marginalisert*. Aftenposten. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/66GalL/blir-sverige-og-finland-nato-medlemmer-kan-norge-bli-marginalisert>

Harper, M., Byrkjeflot, A. og Steinholt, J. R. (2021). *Dette mener partiene om sentrale EU/EØS saker*. Nei til EU. <https://neitileu.no/aktuelt/dette-mener-partiene-om-sentrale-eu-eos-saker>

Haugevik, K. (2022). *Sverige, Finland og NATO*. <https://www.nupi.no/skole/hvor-hender-det/2022/sverige-finland-og-nato>

Hoff-Jenssen, R. (2023). Begynneropplæring - et begrep i stadig endring? En diskursanalyse av meldinger til Stortinget, fra seksårsreformen til fagfornyelsen. *Nordisk Tidsskrift for Utdanning og Praksis = Nordic journal of education and practice*, 17(3), 1–27. <https://doi.org/10.23865/up.v17.4154>

Huitfeldt, A. (2022). *Stortingstidende, Referat fra møter i Stortinget*. Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2021-2022/refs-202122-03-22?m=3>

Innst. S. Nr. 234 (2003-2004). *Innstilling fra forsvarskomiteen om den videre moderniseringen av forsvaret i perioden 2005-2008*. Forsvarskomiteen. <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/instillinger/stortinget/2003-2004/inns-200304-234.pdf>

Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. og Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Knutsen, B. O., & Steinveg, B. (2023). Norge – en motvillig europeer i nord. *Nytt norsk tidsskrift*, 40(1), 5–17. <https://doi.org/10.18261/nnt.40.1.2>

March, J. og Olsen, J. (1989). *Rediscovering Institutions*. New York: Free Press

Michalsen, D. (2021). Den norsk-svenske unionen 1814-1905. *Idunn*. 457-482. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/9788215054179-2021-060>

Pedersen, T., & Skagestad, O. G. (2020). En nordområdepolitikk om alt - eller ingenting? *Internasjonal politikk*, 78(4), 490–499. <https://doi.org/10.23865/intpol.v78.2384>

Peters. B. (2019). *Institutional theory in political science*. (4.utg.). Edwars Elgar Publishing, inc.

Rooseboom de Vries, J. (2023). *Finland i NATO- Hva betyr dette for Norge?*. Folk og forsvar. <https://folkogforsvar.no/finland-i-nato-hva-betyr-dette-for-norge/>

Rye, L. (2019). *Norge i Europa*. Oslo: Fagbokforlaget.

Rønsen, A. (2022). *SV og Rødt sliter med en verkebyll: NATO*. Nettavisen. <https://www.nettavisen.no/norsk-debatt/sv-og-rodt-sliter-med-en-verkebyll-nato/s/12-95-3424276934>

Saxi, H. L. (2022). Alignment but not Alliance: Nordic Operational Military Cooperation. *Arctic Review on Law and Politics*, 13(2022), 53–71. <https://doi.org/10.23865/arctic.v13.3380>

Schmidt, V. A. (2000). Values and discourse in the politics of adjustment. I F.W. Scharpf og V.A. Schmidt (reds.). *Welfare and Work in the Open Economy. Vol I: From Vulnerability to Competitiveness* (s. 229–309). Oxford: Oxford University Press.

Schmidt, V. A. (2002). Does discourse matter in the politics of welfare state adjustment?. *Comparative political studies*, 35(2), 168-193

Schmidt, V. A. (2006). *Democracy in Europe: The EU and National Politics*. Oxford: Oxford University Press.

Schmidt, V. A. (2008). Discursive Institutionalism: The Explanatory Power of Ideas and Discourse. *Annual Review of Political Science*, 11: s. 303-326.

Schmidt, V. A. (2015). Discursive institutionalism: Understanding policy in context. I F. Fischer, D. Torgerson, A. Durnová og M. Orsini (reds.). *Handbook of critical policy*

Science: The New Institutionalism. Perspectives from Central and Eastern Europe. *NISPA Journal of Public Administration and Policy*, 12(2), 281–285.  
<https://doi.org/10.2478/nispa-2019-0024>

Scott, W. R. (2001). *Institutions and organizations* (2nd ed., pp. XXII, 255). Sage Publications.

Staroňová, K., & Gajdushek, G. (2019). Guy Peters – Institutional Theory in Political

Stortinget. (2024). Utenrikspolitisk redegjørelse og debatt. *Stortinget*.  
<https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Nyhetsarkiv/Hva-skjer-nyheter/20232024/utenrikspolitisk-redegjorelse-og-debatt/>

Sætermo, A., Påsche, E. og Sataøen, H. (2024). *Historisk grensepassering: – Vi har helt nye muligheter*. Forsvarets forum. <https://www.forsvaretsforum.no/finland-nato-nordic-response/historisk-grensepassering-vi-har-helt-nye-muligheter/368200?noLog=1>

Søreide, I. E., Aukrust, Å., Fasteraune, B., Elvenes, H., Hansen, E., Arnstad, M. (2024, 7.mars). *Debatt om utenriksministerens utenrikspolitiske redegjørelse* [Video]. Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2023-2024/refs-202324-03-07?m=1>

Søreide, I. E., Fasteraune, B., Huitfeldt, A., Elvenes, H., Kleveland, K., Foshaug, N. (2023, 22.mars). *Debatt om utenriksministerens utenrikspolitiske redegjørelse* [Video]. Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2022-2023/refs-202223-03-23?m=6>

Søreide I. E., Fatersterne, B., Sundnes, T. L., Schou, I. (2022, 29.mars). *Debatt om utenriksministerens utenrikspolitiske redegjørelse* [Video]. Stortinget. <https://www.stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/videoarkiv/Arkiv-TV-sendinger/?meid=11046&del=1&rtid=095519&msid=712>

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode* (4.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Trondal, J., & Veggeland, F. (2003). Access, voice and loyalty: the representation of domestic civil servants in EU committees. *Journal of European Public Policy*, 10(1), 59–77. <https://doi.org/10.1080/1350176032000046930>

Trøan, M. (2020). Effektive verktøy eller historiske rammer? Kinas holdninger til internasjonale institusjoner. *Internasjonal politikk*, 78(3), 311–333. <https://doi.org/10.23865/intpol.v78.2142>

Wahlström, N., & Sundberg, D. (2018). Discursive institutionalism: towards a framework for analysing the relation between policy and curriculum. *Journal of Education Policy*, 33(1), 163–183. <https://doi.org/10.1080/02680939.2017.1344879>



